


# Visma flyt skole

Min skole – føresettt

App for føresette



## Innhald

Lenkjer til føresette:.....	2
Logga inn:.....	2
Kva gir rett til å logga seg inn i appen? .....	2
Logga seg inn.....	2
Funksjonar i appen.....	3
Innstillingar .....	3
Vising av barn i appen.....	3
Meldingar.....	3
Senda melding.....	3
Fråvær .....	4
Redigera fråvær .....	5
Spørjeskjema publisert via melding.....	5
Personvernsomsyn.....	6

## Lenkjer til føresette:

Informasjon frå Visma om appen: [Min Skole-app for foresatte | Visma Flyt Skole \[Gratis app\] - Visma](#)

Personvernserklæring for Visma Flyt Skole: [Privacy Statement - Visma](#)

## Logga inn:

Alle skal nytta ID-porten for å logga inn i appen. Med dette sikrar vi at berre dei som har lov til å logga seg inn i VFS får tilgang.


### Kva gir rett til å logga seg inn i appen?

- Føresett nyttar smarttelefon/nettbrett med minimum iOS 11.0 (Apple) eller Android 6.0 Marshmallow.
- Føresett er registrert i VFS med fullt fødselsnummer for at på-logging via ID-Porten skal virka.
- Føresett er kopla mot elev.
- Føresett har ei rolle som gjev tilgang til eleven i app/heimeweb.

### Logga seg inn

1. Last ned appen frå Google Play eller App Store. Appen heiter “Min Skole - foresatt”
2. Klikk på “Logg inn med ID-Porten”.
3. Vel rett kommune frå lista. Om du ikkje finn rett kommune, er ikkje appen aktivert for din kommune.
4. Klikk på “Velg” øvst til høgre og deretter på “Fortsett”
5. Logg inn med Min-ID, Bank-ID eller Bypass. Ta kontakt med skulen dersom du ikkje får tilgang.
6. Legg inn ønska pin-kode, bekreft og klikk OK.
7. Du blir nå logga inn, og kan sjå dei elevane/skulane du har tilgang til.

*Tips: Det kan vera lurt å ikkje logga ut av ID-porten når du lukkar appen. På denne måten vil du berre trenga å bruka PIN-koden neste gong du skal logga inn i appen.*



## Funksjonar i appen

### Innstillingar

Øvst til høgre på startside i appen vil ein sjå eit tannhjul. Klikk på dette for å opna innstillingar. Her inne kan føresette:


- endra pinkode
- skru av/på inn-logging med Touch ID / biometri
- endra språk (norsk, engelsk)
- logga heilt ut av appen
- sjå kva som ligg av e-postadresse og telefonnummer på seg sjølv. Desse opplysningane kan endrast i på nettsida til Visma Flyt Skole (føresettportalen)

### Vising av barn i appen

Appen hentar ut elevar i den kommunen du har valt. Dersom ein har elevar i fleire kommunar, vil ein ikkje få opp desse i same inn-logging. Ein kan berre vera inn-logga i ein kommune, på ei eining. Push-varsl vil vera knytt til kommune og elev i kommunen ein er inn-logga i. I appen vil føresette få eit oversyn over sine elevar i valt kommune og sin dialog med skulen.


### Meldingar

I Min skole appen ser ein aktivitet dei siste 6 månadane under meldingar og varslar, uavhengig av skuleår. Når en mottek nye meldingar frå skulen, vil brukar få eit push-varsel på telefonen, og i appen vil det vere eit ikon som syner tal uleste meldingar. En klikkar på meldinga for å lesa og eventuelt svara.



### Senda melding



1. For å opprette ny melding, gå inn på ønska elev
2. Klikk på ikonet for ny melding øvst til høgre
3. Klikk på +-ikonet og vel ein eller fleire mottakarar. Kven føresette har lov å sende meldingar til er avhengig av oppsett på den einkilde skule
4. Fyll ut melding og klikk for å senda



## Fråvær


### Registrera nytt fråvær

1. Vel ønska elev
2. Nedst, vel ikonet "Meld fråvær"
3. Vel dato
4. Vel type fråvær
  - a. Om det er dagsfråvær, lat knappen 'Hele dagen' vera skrudd på
  - b. Om det er timefråvær, skru av knappen 'Hele dagen'
5. Om det er timefråvær, registrer ønska tidspunkt ved å klikka på 'Vel klokkeslett'. Som standard ligger det inne frå skolestart til skuleslutt
6. Under feltet 'Merknad' vel ein frå nedtrekkslista type fråvær
7. Klikk for å senda inn fråvær
8. Når fråvær er sendt, vil ein sjå det i eit statusfelt med status 'Levert'. Fråværet vil bli registrert på eleven i Visma Flyt Skole.




### Redigera frávær

Føresette kan redigera frávær dei har lagt inn fram til slutten av dagen fráværet er registrert mot. Når de klikkar på "Rediger fraværsmelding" fyller dei ut heile fráværsmeldinga.



### Spørjeskjema publisert via melding

Når skulen lagar eit nytt digitalt spørjeskjema, kan dei velja at dette skal publiserast via melding. Føresette vil då få ei melding i føresettappen, og kan svara på skjemaet ved å klikke på svarlenka.



## Personvernsomsyn

- Ikkje skriv personsensitive opplysningar i meldingar til skulen. (Til dømes diagnosar, opplysningar om andre elevar eller lærarar m.m.). Be då heller om eit møte med skulen.
- Føresette til elevane er henta frå det sentrale folkeregisteret.
- Ikkje la andre få tilgang til din brukarinnlogging.